



Foto: © Arne Helge Seljen



## FULLSTENDIG VAL PROGRAM STAD INP 2023-2027

STAD INP ønskjer å skape trygge og gode rammer, og allsidige tilbod for innbyggerane i kommunen vår. Vi er eit distriktparti som ønskjer **utvikling og ikkje avvikling!**

Industri og Næringspartiet ønskjer å endre det politiske landskapet i Norge, til først og fremst å ta vare på vårt eige lands interesser framfor EU sine.

Vi ønskjer å stoppe all uansvarleg konsekvens-politikk som går utover vanlege folk sitt helse og velferdstilbod, økonomi, infrastruktur, samt natur, klima og miljø. For å realisere dette må vi trekke Norge ut av ACER og ut av dagens EØS avtale, samt må vi oppretthalde olje og gassnæringa på norsk sokkel!

Dette skal vi også gjenspeile i lokalpolitisk arbeid!

**«Å drive politikk for oss, er å fremme ein fornuftig og realistisk politikk vi kan stå for»**

### 1. Næringsutvikling

Stad INP ønskjer god dialog og samarbeid mellom næringsliv, lokalsamfunn og kommune med mål om auka vekst. Vi vil jobbe for at det blir lagt til rette for nyetablering, styrking og utvikling av eksisterande næringsliv i kommunen. Vi seier mellom anna klart NEI til eigedomsskatt på næring! Vi ønsker tettare samarbeid med bedriftene i kommunen og tilbod om opplæringsstillingar og læreplassar. Selje har hatt spesielt stor nedgang i næringsverksemd siste åra, og dette ønskjer vi å jobbe aktivt for å snu. Vi seier derfor også nei til bompengar på Vestkapp då dette vil slå ut negativt for turismen i området!

Stad INP seier klart JA til søndagsopne butikkar. Vi ser på dette som eit viktig konkurransefortrinn for næringslivet i kommunen i turistsesongane. Vi ønskjer også at det skal få bli søndagsopent igjennom heile året i daglegvarebutikkar over heile kommunen. Stad INP ønskjer turisme og reiseliv hjarteleg velkomne til kommunen! Vi ønskjer å bidra til at vi saman kan utvikle den flotte kommunen vår til å bli eit berekraftig reisemål også i framtida. Samtidig må vi vareta den unike og flotte naturen vi har å by på! Vi er positive til cruisetrafikk i Nordfjord, men vi meiner dette bør regulerast igjennom å sette eit tak på kor mange anløp vi ønskjer i året. Slik varetek vi også natur og nærmiljø. Vi vil ha tilrettelegging for næringsområde tilpassa skipstrafikken i Nordfjord, men Stad INP stiller seg sterkt imot kommunal finansiering av cruisekai på Nordfjordeid. Dette må finansierast på andre måtar igjennom næringslivet. For oss er det særskilt viktig at det lokale næringslivet både blir nytta og får positiv økonomisk forteneste frå turist og reiselivsaktivitet tilknytt kommunen.

### 2. Skule og oppvekst og fritidstilbod

Vi ønskjer at Stad skal vere ein attraktiv kommune for barnefamiljar og vi vil jobbe for å behalde og vidareutvikle dagens struktur i barnehagar, skular og SFO. Nærmiljøet skal ha gode og allsidige undervisningstilbod, barnehage og fritidstilbod i heile kommunen. STAD INP ønskjer å legge til rette for at kommunen gjer det meir attraktivt å jobbe med barn og unge i barnehage, skule og SFO igjennom m.a. tilbod om utdanning under og i jobbpraksis. M.a. ønskjer vi at kommunen skal kunne tilby lærarar, barne og ungdomsarbeidarar og assistentar i skule og barnehage tilbod om vidare og etterutdanning med løn. Stad INP ønsker å sikre nødvendig oppgradering/utbygging av skulebygg og barnehagar.

Vi vil framhalde arbeidet med å realisere eit godt symjetilbod til barn og unge i ytre del av kommunen, vi ønskjer derfor på nytt å sjå på moglege alternativ i symjebassengsaka i ytre / Selje. Vi må sørge for eit godt tilbod for framtida, samtidig som vi må sjå på økonomiske utfordringar i nær framtid.

### 3. Helse og omsorg

Helse og omsorg er ei viktig sak for Stad INP og vi ønsker å oppretthalde eksisterande tilbod og kapasitet ved sjukeheimar og eldrebustadar, samt å styrke desse tilboda. Vi seier med andre ord nei til planar om nedlegging av eksisterande tilbod i kommunen. Med lange avstandar ut til bygdene, til og frå behandlingsstad, er det viktig at vi har ein tilstrekkeleg og forsvarleg helseberedskap. Stad INP ønskjer at ein ser på moglegheiter for meir interkommunalt samarbeid og tilbod på tvers av fylkesgrensene for å betre tilbod til alle i kommunen. Framtidas helse- og omsorgstenester må vere prega av tilstrekkeleg personale, kompetanse og utvikling. Vi må tenke nytt i høve til både eldreomsorg og helsetenester, då vi vil vere totalt avhengig av ein berekraftig og kostnadseffektiv helse og omsorgssektor i åra som kjem.

Om ti år vil Stad Kommune ha ei betydeleg auke i eldre over 80 år. Særskilt viktig er det at vi startar arbeidet med å førebu oss for dette så tidleg som råd. Vi er positive til omsorgsløn men vi ønskjer å greie ut den økonomiske kostnaden stilt opp i mot helse og omsorgsbudsjettet i kommunen.

#### 4. Maritim Næring / Fiskeri og Havbruk

Stad Kommune er ei kyst og fjordkommune, og vi er totalt avhengige av å føre ein næringspolitikk som er i samsvar med, og tilpassa ei maritim og marin næring. Stad INP ønskjer å legge til rette for gode rammer og infrastruktur til fiskerinæringa i kommunen som sikrar god regulering, vekst og trygge arbeidsforhold. Stad INP ønskjer å jobbe for at fleire maritime bedrifter vil slå rot i kommunen både innan fiskeri, logistikk og turisme. Vi treng å framleis gjere det attraktivt for unge å ville satse på ei maritim karriere til sjøs og i kystnæringa vår.

Vi stiller oss positive til tilrettelegging for oppdrettsnæringa, men vi meiner samtidig at det skal og må vere oppdrettsfrie soner i fjordane og ved kysten. INP meiner at det må føreligge grundige evalueringar og utsegn frå ekspertar i framtidige konsesjonar for oppdrett av torsk. Det ligg andre føresetnader for oppdrett av torsk enn laks. Stad INP støttar ein næringspolitikk som tek omsyn til det marine miljøet i fjordane våre, og i tråd med dei nasjonale retningslinjer som er anbefalt. Ein må derfor grundig greie ut regulerte område for oppdrett i Nordfjord regionen. Vi ønskjer å sikre forsvarleg drift av torsk og lakseoppdrett som ikkje medfører auka risiko for genetisk påverking på villfisk i form av rømming og gytting i og utanfor merd.

Stad Skipstunnel *skal realiserast*, som vedteke av Stortinget i 2021!

Det finst berre gode argument for dette prosjektet som no er hundre prosent ferdig greidd ut og gryteklart. Stad Skipstunnel vil først og fremst gje tryggare ferdsel for dei sjøfarande. Prosjektet vil bety enormt mykje for regionen og kysten. Ein vil flytte meir gods frå veg over til sjø som er i tråd med miljøatsinga og målet om lågare klimautslepp. Stad Skipstunnel har eit enormt potensial og vil ha store synergjar både lokalt og regionalt. Vi ønskjer å framhalde og realisere det arbeidet som er starta med å regulere og legge til rette for meir næringsareal tilknytt maritim og marin sektor i kommunen.

#### 5. Landbruk og matvareproduksjon

Stad INP er svært opptekne av å oppretthalde norsk matproduksjon. Vi ser viktigheita av eit berekraftig landbruk i heile landet. Sjølvforsyningsgrada må opp, derfor må vi auke beviljingane til landbruket. Vi vil jobbe for å tette inntektsgapet som er mellom den norske bonden og resten av befolkninga. Stad INP vil aktivt jobbe for bonden inn mot partiet sentralt.

I Stad kommune vil vi minimere bruken av matjord til andre formål. Stad INP vil aktivt bruke dei forskjellige lag og foreiningar knytt til landbruket, å halde tett og god dialog med desse. Landbruket i Stad er nettoeksportør av både mjølk og kjøtt, dette er viktig å oppretthalde. Mange har framleis bås fjøs, desse må vi få med vidare også etter lausdriftskravet slår inn i 2034. Beitenæringa er viktig å ta vare på. Vi vil at kommunen skal handheve gjerdeplikta endå betre, då det er eit problem for mange med beitedyr at grunneigarar mislegheld gjerda sine.

Nye beitekrav i 2024 vil føre til fleire dyr på beite over lengre tid, då må gjerdehaldet betrast. Landbruket treng sårt rekruttering, vi må gjere det attraktivt for unge å ville overta eller starte opp i næringa. Stad INP vil jobbe for å styrke kanaliseringspolitikken, slik at landbruket på vestlandet forblir prioritert som drøvtyggar og gras-område. Vestlandsbonden er sårbar, både fordi bruka er små, snittalderen er høg og rekrutteringa er låg.

#### 6. Naturvern og miljøvern

Miljø og klima er to ord som ofte nemnast i same setning. INP meiner det er på høg tid å sjå på desse omgrepa åtskilt, då vi ser at miljøet vårt ofrast til fordel for klimamål. Verda har mange miljømessige utfordringar, men vi ser at utslepp av CO<sub>2</sub> får svært mykje fokus som og dessverre har uheldige effektar. INP tek i midlertidig sterk avstand frå politiske parti, organisasjonar og enkeltpersonar som tilsynelatande ser ut til å ville skaffe seg makt ved å fremme frykt for klimaendringar.

På same måte tek vi avstand frå at det «grøne skiftet» som eingong var meint at vi alle måtte tenkje miljøvennleg, forureine mindre og ta vare på naturen, er blitt til ein milliardindustri for multinasjonale selskap som ser sitt snitt til å pumpe statlege midlar ut dei mange forskjellige lands statskasser, inklusive Norge.

Klimaet på jorda har alltid vore i endring. Men det betyr ikkje at vi ikkje kan gjere noko for å avgrense utslepp, forsøpling og ta vare på naturen vår!

Miljøvern, ja det handlar om å beskytte jorda vår mot utslepp av gift til jord, sjø og luft, det handlar om å ta vare på natur- og kulturlandskap, og det handlar om å oppretthalde livsgrunnlag for planter, dyr og menneske. INP er sterkt opptekne av dette og vil jobbe for å vareta miljøet på ein best mogleg måte.

Stad INP er sterkt imot og seier klart NEI til planane til Nordic Green sitt prosjekt Snøskarven og Dua vind & ammoniakk. Ein av konsekvensane av dette prosjektet er nedslagsfeltet som er på begge sider av fylkesgrensa over Maurstadeidet. Der forureining av til dømes

mikroplast, Bisfenol A og PFAS vil vere i både Vanylven og Stad kommune, nærare bestemt Åheim, Kjølsdalen, Bryggja og Kjøde. Stad INP har inngått i ein brei politisk allianse og inngått eit samarbeid med alle parti i Stad og i nabokommunen med Vanylven AP om å stoppe Nordic Green sine utbyggingsplanar.

Vi ønskjer å ta vare på natur og miljø for framtidige generasjonar og vi har heilt klart eit ansvar for dette. Vi ønsker også å belønne miljøvennleg bygging/ oppgradering av bustader.

## 7. Samferdsel og Infrastruktur

I ei kommune med til dels store avstandar, er det viktig å ha god infrastruktur. Godt framkommelege og sikre vegar er derfor kritisk viktig for å vidareutvikle busetnad, næringsliv og reiseliv i kommunen. Trafikksikkerheit er ei sak vi aldri skal slutte å jobbe for. Alle har rett til og skal kunne kjenne seg trygge på vegane våre. Stad INP vil m.a. arbeide for raskast mogleg oppstart av utbetring av Fv. 620 Årsheimstranda. Vi ønsker å utbetre og ras sikre Fv. 618 mellom Selje og Måløy som ein viktig og belasta pendlarveg i ytre del av kommunen.

Stad INP vil jobbe for snarast mogleg å starte arbeidet med å trygge gang- og sykkelvegane til alle skulane i Stad kommune. Her under gang- og sykkelveg på Stårheim, manglande sykkelveg mellom Skårhaug og Haugen. Stad INP støttar og sluttar seg til planane om hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund og vi vil jobbe aktivt inn mot oppstart av Stad Skipstunnel og byggstart i 2024. Vi ønsker å framhalde arbeidet med utbygging av fiber og god kommunikasjonsdekning over heile kommunen. Stad INP ønsker velkomen til konkurranse i breiband tilbydarar i kommunen.

## 8. Energipolitikk

Tilgangen til billig, fornybar kraft for industri og næring er eit konkurransefortrinn i et elles kaldt nordisk land som Norge er. Fri flyt av energi som den femte friedom under ACER vil utlikne prisen og kraftprisen i Norge vil berre auke. INP vil trekke Norge ut av ACER og sei opp dagens EØS avtale.

Denne er ikkje lenger foreineleg som handelsavtale og vi treng sårt eit alternativ. INP vil sikre norske husstandar og industri. Norge er ein energinasjon. Utviklinga av landet vårt til ein energinasjon starta for over hundre år sidan. Vasskrafta vår er ryggrada i det norske kraftsystemet. Først gjennom å foredle den fornybare energien i elver og fossefall til kraftproduksjon, seinare med olje- og gassproduksjon og de enorme inntektene frå sokkelen.

INP seier klart NEI til vindkraft både på land og til havs. Dette er ikkje berekraftig energi eller politikk, og det vil få store og sær negative konsekvensar for fiskeri og marint liv i havet, samt for natur og dyreliv på land. INP ser på vindkraft og elektrifisering av sokkelen som ein rein symbolpolitikk frå dei andre partia. Vi kan ikkje føre ein symbolpolitikk som har eit urealistisk kostnadsnivå, og som ikkje vil gje noko samfunnsnytte i det store og det heile. Dette vil m.a. gje store kostnader til samfunnet og til vanlege folk i form av auka straumprisar.

INP ønskjer å vidareutvikle vasskraft. Vi seier også klart nei til elektrifisering av sokkelen, då dette er rein symbolpolitikk fullstendig utan samfunnsnytte. Stad INP vil bidra til opprusting av eldre vasskraftverk. Kvafossen er moden for rehabilitering og produksjon.

## 9. Livssyn, likestilling, menneskerett og kulturarv

Den norske stat er tufta på kristne grunnverdiar, og INP er klare på at slik ønsker vi at det skal fortsette å vere i framtida. INP ønsker livssynsfridom i Norge, men under ei konsekvent haldning om at det er norsk lovgiving som skal vere førande for den utøvande livssyn eller religion. INP meiner at man skal kunne gifte seg med kven ein vil innafor rammeverket i dei norske lover. Det er viktig for INP at den norske kulturen, dets særigenheiter og landets tusenårige historie framhevast i utdanning, kulturarbeid og samfunnsbygging.

Den grunnleggande norske kulturarven, tradisjonane og religionen skal varetakast også inn i ei tid der verda kjem stadig nærmare og påverkar oss på mange plan. INP vil vareta grunnlova, sikre demokratiet, sikre rettsstaten vår og vareta menneskerettane. INP tar det som ei sjølvfølge at likestilling er ein helt naturleg del av samfunnet vårt. INP vil sjølvstendig jobbe for ytterlegare likestilling der haldningar framleis er fråverande. Menn og kvinner er og skal framleis vere likestilte i det norske samfunnet. Alle skal og har rett til å føle seg trygge i Norge, uavhengig av livssyn, etnisk opphav, hudfarge, kjønn, seksualitet og psykiske eller fysiske handikap.

## 10. Stad Kommune i storsamfunnet

Vi lever i ei tid og eit samfunn der verda blir stadig mindre, vi blir stadig fleire og den internasjonale konkurransen vert stadig sterkare. Dette vil sjølvstendig påverke utviklinga i alle deler av næringslivet og ha innverknad på dei aller flest lokalsamfunna i landet. Det er difor viktig at Noreg, på riksplan, fører ein aktiv næringspolitikk som også sikrar distrikta og utkantane av Norge. Stad INP ønsker utvikling og ikkje avviking offentlege tilbod i kommunen vår. Vi ønsker fleire arbeidsplassar og verdiskaping ute i kommunane og i nærmiljøa våre. Stad INP vil m.a. søkje aktivt samarbeid med Helse Førde/Helse Vest med tanke på gode, trygge og gode tilbod ved Nordfjord Sjukehus, Nordfjord Psykiatrisenter, Nordfjord BUP, inkludert ambulanseberedskap. Vi vil jobbe for å legge til rette for landing med nye ambulanse og redningshelikopter fleire stader i kommunen.

Vi vil arbeide for eit for eit samla og ein sterk Nordfjord-region som skal ta ein sterkare posisjon i nye Vestland fylke med tanke på fylkeskommunale kompetansesarbeidsplassar, styrking av dei vidaregåande skulane og utflytting av oppgåver og funksjonar frå stat og fylke til Nordfjord og Stad kommune. Vi ønsker betra tilgjengelegheit for offentlege tilbod til vanlege folk i kommunane og INP vil m.a. ha tilbakeføring av lokale politistasjonssjefar og kontor og lokale NAV kontor.

Stad INP vil jobbe for ein styrka kommuneøkonomi og betre interkommunalt samarbeid. Vi er sterkt imot sentralisering og grunnverdiane våre ligg i å verne om og styrke eksisterande tilbod i nærmiljøet vårt.

INP vil fokusere på Verdi-samfunnsplanlegging og møte næringslivet med rett kompetanse for neste generasjon. Vi har store utfordringar i helse og omsorg og offentleg tenestesektor i nær framtid. Då er det viktig at vi nyttar økonomiske midlar og menneskelege ressursar rett og prioritatar oppimot der vi treng det som mest. Vi ønsker å satse og investere i norsk arbeidskraft og kompetanse. Husk at det aller meste av verdiskapinga i landet skjer ute i distrikta. Vi vil investere meir i menneske, sånn at fleire kan ta del i de reelle behova vi vil ha i arbeidslivet i framtida! INP vil inkludere alle i arbeidslivet. Uavhengig av helsemessige, familiære eller personlege utfordringar so er vi alle unike, og vi kan alle vere med å bidra i samfunnet vårt på ein eller annan måte!

**Godt val og velkomne til oss!**

Utarbeida av styret og medlemmar i STAD Industri og Næringsparti © 2023

**Sjå helle partiprogrammet på [inpartiet.no](http://inpartiet.no)**

Ønskjer DU å engasjere deg politisk i INP?  
Vi treng deg som evnar å tenkje sunn fornuft!  
Kontakt oss på: [stad.vestland@inpartiet.no](mailto:stad.vestland@inpartiet.no)



Foto: © Arne Helge Seljen

**Disse stiller til val for INP i Stad Kommune**

|                             |      |              |
|-----------------------------|------|--------------|
| 1. Stian Alexander Hoddevik | 1982 | Selje        |
| 2. Olav Scott Fanøy Nord    | 1990 | Nordfjordeid |
| 3. Arnstein Hammerseth      | 1954 | Nordfjordeid |
| 4. Rikke Marie Fjeldseng    | 1989 | Nordfjordeid |
| 5. Håkon Fjeldseng          | 1986 | Nordfjordeid |
| 6. Olav Grov                | 1960 | Nordfjordeid |

|                          |      |              |
|--------------------------|------|--------------|
| 7. Anne Marit Røyse      | 1970 | Nordfjordeid |
| 8. Kim Hansen Hammerseth | 1989 | Selje        |
| 9. Karoline Liseth       | 1995 | Selje        |
| 10. Frank Hessevik       | 1958 | Bryggja      |

**«STAD INP vil jobbe for ein god stad for deg og meg, ein hjartestad i vakre Stad!»**

